

Vurderingsrapport vår tredje studieår (6. semester) MGLU trinn 1-7

OsloMet – storbyuniversitetet, Fakultet for lærerutdanning og internasjonale studiar (LUI), Institutt for grunnskule- og faglærerutdanning (GFU)

Vurderinga av vårpraksisen i tredje studieår tek utgangspunkt i læringsutbyttebeskrivingane i fagplanane for praksis og planane for dei ulike studiefaga. Grunnlaget for praksislærars vurdering skal vera observasjon, samtale, rettleiing og den vekevisе refleksjonsloggen til studenten.

Studenten skal ha læringsfremjande vurdering undervegs i praksisperioden, og ein individuell samtale som midtvegsvurdering. For dei studentane som står i fare for ikkje å bestå praksis, må midtvegsvurdering dokumenterast (jf. forskrift om studiar og eksamen ved OsloMet § 8-1 første og andre ledd). Praksis blir vurdert som bestått/ikkje bestått ved slutten av praksisperioden.

I heile praksisperioden blir studenten vurdert når det gjeld personlege kvalifikasjonar (jf. forskrift om personlege kvalifikasjonar i høgare utdanning). Studenten er, til liks med lærarar i grunnskulen, omfatta av teieplikta, og skal skriva under på teielovnad. Studenten er også omfatta av aktivitetsplikt (jf. opplæringslova § 9 A-4).

Vurderingsrapporten skal underskrivast av både praksislærer, rektor og student. Vurderingsrapporten skal leverast digitalt. Studenten har ansvar for å levera vurderingsrapport til praksislærer neste praksisperiode. I tillegg skal studenten skriva ein eigenvurderingslogg, som blir levert i Canvas. Denne skal brukast i avsluttande arbeidskrav i syklus 2 (jf. fagplan praksisstudiar trinn 1-7).

Vurderingsrapporten er eit internt arbeidsdokument i grunnskulelærerutdanninga, og skal ikkje brukast eksternt.

Studentnamn:	Studentnummer:	Oppstartsår for studiet:
Studieår:	Praksisdagar vår:	

Gjennomført midtvegsvurdering (dato/stad):	Fråvær (datoar):	Teke igjen fråvær:
Praksisskule:	Praksislærer skule:	Kontaktlærer OsloMet:

Praksis bestått:	Praksis <u>ikkje</u> bestått:
-------------------------	--------------------------------------

Stad/dato:	Praksislærer:	Rektor:	Student:	Kontaktlærer OsloMet (blir godkjend digitalt)
-------------------	----------------------	----------------	-----------------	--

Praksisopplæringa

Avkryssinga i rapporten skal vera til hjelp for praksislærar for å sikra at studenten oppnår forventa læringsutbytte og progresjon i praksis. Rapporten er bygd opp av både avkryssingsfelt og tekstfelt, og byggjer på fagplanane for praksis og dei ulike studiefaga.

Lærarrolla

Studenten har	Ja	Nei
delteke i planlegging og gjennomføring av foreldremøte. NB! viss skulen ikkje har foreldremøte i praksisperioden, og studenten heller ikkje deltok på eit slikt møte i 5. semester, må studenten komma tilbake utanom praksis		
vorte kjent med dei interne og eksterne støttesystema til skulen (BUP, PPT, barnevern, helsesøster, politi m.v.)		
fått kjennskap til endrings- og utviklingsarbeidet til skulen og satsingsområda som skulen arbeider med		
vorte kjent med arbeidet til skulen innanfor berekraftig utvikling		
hatt møte med ressursperson på skulen om overgang mellom barneskule og ungdomstrinn		
delteke i det felles kollegasamarbeidet til skulen og har drøfta tema i rettleiingssamtale		
observert og reflektert over moglegheiter og hindringar for fagleg utviklingsarbeid i profesjonsfellesskap på skulen		
vorte kjent med korleis skulen jobbar med psykososialt læringsmiljø og elevars bruk av digitale/sosiale medium		
med grunnlag i teori og forskning kritisk vurdere eigen og andres praksis		

Kommentarar:

Klasseleiing

Studenten har	Ja	Nei
vorte kjent med korleis læraren arbeider med det psykososiale læringsmiljøet med vekt på mangfald og inkludering		
hatt ansvar for daglege rutinar knytt til orden og åtferd		
gjort seg kjent med ulike strategiar og tiltak knytt til konflikthandtering		
drøfta ulike måtar å utøva leiing på med tanke på ulike klassar og ulike studiefag		

Kommentarar:

Beskrivande vurdering av studenten sitt arbeid med klasseleiing

Knyt vurderinga til følgjande punkt. Evna studenten har til

- å utvikla ein god relasjon til enkeltelevar og til heile klassen
- å følgja opp enkeltelevar og samtidig ha oversikt over klassen
- å kunna følgja opp rutinar og etablerte arbeidsvanar i klasserommet
- læringsleiing i tråd med studiefaget
- å handtera uventa situasjonar som oppstår i klasserommet på ein god måte
- å leia samtalar og leggja til rette for faglege diskusjonar i klasserommet

Undervisning

Studenten har	Ja	Nei
utarbeidde sjølvstendige didaktiske planleggingsdokument for fleire samanhengande undervisningsøkter med vekt på progresjon og tilpassa opplæring		
beherska ulike arbeidsformer tilpassa studiefaget		
Bli kjent med dei lokale og/eller nasjonale kartleggingsverktøya som ligg til grunn for tilpassa opplæring og vurdering i den aktuelle elevgruppa		
vurdert elevarbeid og gitt individuell tilbakemelding i studiefaget		
arbeidet med og reflektert over kva djupnelæring inneber i studiefaget		
arbeidet med relevante digitale verktøy i studiefaget		
arbeidet med dei grunnleggjande ferdigheitene både tverrfagleg og innanfor kvart enkelt studiefag		

Kommentarar:

Beskrivande vurdering studenten sitt arbeid med undervisning

Knyt vurderinga til følgjande punkt. Evna studenten har til

- fagleg formidling og engasjement
- å velja relevante oppgåver og arbeidsmåtar
- å gjennomføra tilpassa undervisningsopplegg
- å kunna vurdere enkeltelevs faglege kompetanse og gi individuelle tilbakemeldingar
- å leggja til rette for tverrfagleg arbeid

Vurdering:

Studenten si utvikling av profesjonskompetanse på andre område

Studenten møter til avtalt tid, tek ansvar for planlegging og etterarbeid til undervisning i tillegg til andre praktiske oppgaver:

Evna studenten har til å samarbeida med medstudentar, kontaktlærer og praksislærer(ar) og andre på praksisskolen:

Evna studenten har til å ta rettleiing:

Evna studenten har til å gi faglege grunngivingar og reflektera over praksiserfaringar:

Evna studenten har til å reflektera over profesjonsetiske problemstillingar/case:

Evna studenten har til å reflektera over eigen læraridentitet og eiga rolle i møte med elevar, medstudentar og praksislærer:

Studentens sterke sider, og område som studenten bør arbeida vidare med:

Praksis vurdert til bestått

Signert vurderingsrapport skal skannast og leverast digitalt siste dag i praksis.

Informasjon om innlevering kjem.

Praksis vurdert til ikkje bestått

Praksislærer leverer kopi av signert vurderingsrapport til studenten siste dag i praksis.

Av GDPR-omsyn ber me om praksislærer si original blir levert praksisadministrasjonen digitalt i nettskjema.

Ev. legeerklæring blir lagd ved rapporten.